



## Ulveskinnpelsen til oldefar

Farfar og farmor bur i eit stort, gammalt hus.

Når eg er på besøk, leiker eg i hagen deira heile dagen.

Huset til farfar og farmor er stort og har mange rom og kringelkrokar. Inst i eit kott står det store, gamle Dokterskapet. Det får eg aldri opne åleine. Eg må spørje farfar.

Farfar kan ei historie om det som er inne i Dokterskapet. Når han skal fortelje historia, tek han fram nøkkelen. Inne i skapet heng det ein diger, gammal ulveskinnpels. Det er ulveskinnpelsen til oldefar. Oldefar var dokter i gamle dagar.

Farfar fortel: – Oldefar din var dokter. Han reiste ofte heim til pasientane om det var nødvendig. Det var

oldemor som fann fram kleda hans. Ho fann alltid fram ulveskinnspeisen så han ikkje skulle fryse. Når oldefar skulle på sjukebesøk, måtte han somme gonger køyre med hest og kjerre. Andre gonger tok han toget eller gjekk på ski.

Om vinteren var det ofte dårleg vêr. Regn og snø gjorde at pelsen blei full av is. Når oldefar kom heim til pasienten, hende det at han måtte tinast opp og brytast ut av pelsen før han kunne sjå til pasienten.

Oldefar hadde ein kniv og ei sag. Dei brukte han

om han måtte skjere beinet av pasientar fordi dei hadde fått betennelse og medisinar ikkje hjelpte. Då måtte foten amputerast. Dei hadde bedøving den gongen også. Men bedøvinga var farleg og kunne forgifte pasienten. Om pasienten fekk for mykje av ho, ville han døy. Bedøvinga kunne også begynne å brenne eller eksplodere om ho kom for nær ein parafinlampe.

– Kvifor blei du også dokter, farfar? spør eg.

– Tja, sei det. Eg fekk lyst til å bli dokter etter at eg var med oldefar for å hjelpe dei sjuke.

– Og så arva du denne ulveskinnspeisen av han, seier eg og klappar på den mjuke pelsen.

– Ja, ulveskinnspeisen er eit godt minne som eg arva av oldefar. Eg brukte han på kalde dagar i mange år.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 5A side 31.

Gjer oppgåvene 2a, 2d, 2e, 2f, 5, 6a, 6b, 7 og 8.